

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015

Kommentarar til meldingane.

23/15 **Pål Kårbø** meinte at det var lite reasfaltering i Nordhordland. Drog særleg fram vegen mellom Seim og Lygra som veldig dårleg. Sette fram fylgjande protokollmerknad.

«Seim-Lygra vert vurdert.»

23/15 **Jostein Ljones** etterlyste tiltak på Fv130 Øystese sentrum.

27/15 **Pål Kårbø** etterlyste sak slik samferdselsutvalet vedtok, og ikkje melding som er lagt fram.

Tom Skauge sette fram forslag om at meldingane 28/15 og 36/15 vert lagt fram som sak.

Røysting om meldingane skal leggjast fram som sak.

Melding 28 fekk 7 røyster (A, SP, SV, V) og fall. Vert ikkje å leggja fram som sak.

Melding 36 vart samrøystes vedteke å leggja fram som sak.

38/15 **Atle Kvåle** tok opp at ein bør stilla krav til ferjer om brannsløkkingsutstyr slik at ein i større grad kan ta med bilar med farleg last. Ville fylgja opp denne saka.

25/15 **Stein Inge Ryssdal** ba om at utvalet får tilbakemelding når Staten har teke avgjerd i fylkeskommunen sin førespurnad om å få dekkja meirkostnadane ved avgift på naturrgass.

31/15 **Stein Inge Ryssdal** stilte spørsmål til habilitet for medlemmer som sit i styret for eit selskap som vert påverka av val av aust- vest samband.

Håkon Rasmussen orienterte om administrasjonen sin konklusjon i saka. Melding om dette til neste møte i utvalet.